



Ivar Kåre Døssland har framleis fristande tre att på gardsplassen og i skogen. (Foto: Ola Matti Mathisen)

I år er Ivar Kåre Døssland på Døssland nedre den einaste som sel juletre i Uskedalen og som har annonsert tilbodet sitt. Ein må til Seimsfoss Omvikdalen eller Sunde viss ein vil ut av bygda for å sikra seg eit tre hos ein grunneigar, viss ein ikkje har ei privat avtale med nokon.

"Juletre kan kjøpast på gardsplassen vår, eller du kan ta deg ein kort skogstur og hogga det sjølv", skreiv Ivar Kåre i annonsen sin. Sist helg var det fleire familiar som tok i mot invitasjonen om å dra til skogs. Då hadde ikkje minst ungane det kjekt.

Og viss det er fleire som gjerne vil gjera det på dette viset, er det berre å ringja, så gjev skogeigaren instruksjon om kvar trea er å finna.

- Eg sit på jobben i kommunen og kan ikkje fylgja dei, forklarar Ivar Kåre.
- Du er ikkje redd for at heile produksjonen skal gå fløyten på den måten?
- Den sjansen får eg ta.....

Då uskedalen.no oppsøkte Ivar Kåre, hadde han framleis eit godt utval av fine tre på gardsplassen. Juletre av høveleg storleik kan ikkje vera så lette å finna i Uskedalen og det er naturleg å spørja Ivar Kåre om han har satsa bevisst på ei plantasje.

- Kanskje ikkje akkurat plantasje, men for 10-12 år sidan planta eg vanleg norsk gran under kraftlina i Silkeberghaugen – mellom Døsland og Feet. Eg planla slett ikkje for noko storsal, men det var det eit areal som ikkje kunne nyttast til noko anna.

For tre år sidan starta så juletresalet. I fjor selde eg berre 10-15 tre, og trudde ikkje på noko større sal i år heller. Men sanneleg har det teke seg opp og gått betre enn eg trudde, fortel Ivar Kåre. Han kjenner ikkje til andre uskedelingar som har planta gran med tanke på sal.

- Korleis ser idealtreet ut – det som folk helst vil ha?
- Naturen formar trea høgst individuelt. Men strofa om at nokon likar mora og nokon dottera gjeld i høgst grad også overført til juletre. Til dømes plukka eg med meg eit som eg tykte var håplaut smalt og trudde ikkje det var salbart. Men også det gjekk unna heller kvikt!

Av Ola Matti Mathisen